

ÅRSRAPPORT FOR PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK FOR 2005

eilever@online.no/mobil 91 11 35 80

"Prostidiakonien er kome for å bli," heitte det i Vest Telemark Blad etter 20 års jubileet for Prostidiakonstillinga i Vest-Telemark i Nissedal i april. Full kyrkje; takksemnd og høgtid. Denne årsmeldinga hadde aldri vorte skrive om ikkje diakon Godfred Rekkebo (1911-93) hadde hatt tanken om ei prostidiakonstilling tidleg på 1970-talet, og Per Emanuelson leia eit Forsøksprosjekt. (1985-90)

- Eg ber denne forsamlinga om to ting:

1. At me sender vår eigen prostidiakon som naudhjelp til orkan ofra på Nord-Vestlandet.

2. At det går ut ei bodstikke frå dette møte her på Kyrkjebygda bedehus om at kvart einaste diakoniutval i prostiet - innan ei veke skaffar fram ein ny varig arbeidsplass. Det handlar om vårt truverd som kyrkje. Notér deg dette, prostidiakon!

Det vart det den siste diakonisamlinga for prostiet Godfred Rekkebo var med.

Og eg køyrde redd og liten heimover. Veggen var glatt ned Skafsåberget.

Henta frå boka om Godfred Rekkebo som kom ut i samband med 20-årsjubileet for diakonatet i Vest-Telemark

Innhald:

1. Oppsummering og utfordringar
2. Arbeidsområde
3. Statistikk
4. Aktivitet

1.OPPSUMMERING OG UTFORDRING

Sist år er det gjennomført over fem hundre og femti samtaler og besøk. Prostidiakonen arbeider m.a. med organisering av sorggrupper- eller Leva-Vidare-grupper som det heiter. Fem slike grupper har vore i sving. Her har det vore med fem friviljuge gruppeleiarar, og 25 deltakarar. Gjennom Leva-vidare-grupper, diakoniutval, sokneråd, økonomirådgeving og diakonitenesta for skogsleiren i Fyresdal, er over seksti friviljuge engasjerte.

Nokre vakre sommandagar fekk eg vera med på å gå pilegrimsvandring gjennom Vest-Telemark. Eg kom heim glad og stolt over måten pilegrimane vart møtt på. Rein diakoni, kan ein kalle det. Ein har halde fram med innsatsen i skogsleiren. Det handlar å gjeva tilbod til dei innsette personlege samtaler. Jolegudstenesta - i skogsleirlavoen med innsette, visitorar og tilsette samla kring eit bål, sette dei gamle evangelieorda inn i ein rett samanheng.

I november arrangerte Diakonaten eitt nytt verdiseminar . Vinje kommune har kome til som medarrangør. Tema var i år "...meir enn du gav, fekk du att..", og handla om friviljug arbeid i Vest-Telemark. Ma deltok generalsekretæren i Kirkens Nødhjelp Atle Sommerfeldt. Før jul vart det nok ein gong delt ut oppmuntringspakkar til nokon som kunne trenge det. Oppmuntrande var òg arrangementet på Kommunehuset i på Dalen på joleeftan. Her inviterte kommune og kyrkje til felles feiring. 57 menneske deltok. Utfordringa vil alltid vera at diakonien engasjerer friviljuge. Gjer ein eit raskt overslag over medarbeidar i Vest Telemark diakonien, kan ein rekne med at dei utgjer tre til fire årsverk. Frå 1.01.06 er Seljord lagt til Vest-Telemark prosti. Men samarbeidet mellom fellesråda i Tokke, Nissedal, Fyresdal og Vinje om Prostidiakonstillinga endrast ikkje. Prosti- og prestegjeldsgrensar er ikkje avgjerande for godt samarbeid innan kyrkja. Likevel tyder endringa at prostidiakonomgrepet går ut av historia etter 20-års bruk, og Vest-Telemark Blad overskrifta stemte likevel ikkje heilt.

Ein vinterkveld i Treungen. Diakoniutvalet hadde tillyst temakveld. Ikkje mange våga seg ut på vintervegane. Tema om sjølvord var vel heller ikkje det mest forlokkande. Godfred Rekkebo kom. Han hadde førebudd seg gjennom heile dagen. Ringt rundt og invitert folk. Godfred sat der midt i den vesle flokken. Med små ord teikna han opp ein situasjon frå den tida han og kona sat internert i Kina. Utsett for matmangel og tortur. - Sjølvord hadde me ikkje krefter til å tenkje på.

Henta frå boka om Godfred Rekkebo som kom ut i samband med 20-årsjubileet for diakonatet i Vest-Telemark

2. ARBEIDSOMRÅDE

FORKYNNING OG UNDERVISNING OM DIAKONI.

Dette skjer gjennom gudstenester (15), møte med alle konfirmantane, kursverksemd, undervisning og skrivestykka i Vest Telemark Blad.

ARBEID MELLOM DEI INNSETTE I SKOGSLEIREN I FYRESDAL

Innsatsen i skogsleiren er auka med ein ekstra ettermiddag i månaden. Denne tida er sett av til meir personlege samtalar. (14). Det har vor ei auke i innsette som kjem til kyrkje. Dette vert organisert av fengslet og diakonen i fellesskap.

OPPRETTING OG OPPFYLGING AV DIAKONIORGANA I KYRKJELYDANE.

Det er diakoniutval i Kviteseid, Nissedal, Grunge, Mo/Eidsborg/Skafså og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Diakoniutvala arbeider under sokneråda, og kallar inn diakonen når det høver.

SAMARBEID MED SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE I PROSTIET.

Samarbeidet skjer på mange felt. Ma gjennom å møte med sokneråd og diakoniutval. Elles deltek eg fast på prestemøta og samlingar som prosten kallar inn til.

OPPLÆRING OG UTDANNING AV FRIVILJUGE MEDARBEIDARAR .

Det er halde oppfølgingskveld for sorgruppeleiarane. Så godt som råd vert et prøvd å følgje opp dei friviljuge. Om ikkje anna er målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose.

ARBEID MED Å STYRKE FELLESSKAP OG OG OPPRETTEOMSORGSGRUPPER.

Sist år har me hatt fem Leva-Vidare-grupper. (Åmot, Edland, Kviteseid, Nissedal og Rauland). Tre grupper har vore for born og unge. I alt åtte deltakarar har vore med i desse gruppene under leiing av diakonen. Det har vore 25 deltakarar i alt.

GJE HJELP TIL MENNESKE I AKUTTE, VANSKELEG LIVSSITUASJONAR.

Jamt over kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykningar i samband med arbeid i krisegruppene. Det er òg ei auka i etterspurnaden etter debrifing for innsatspersonale. Det er delt ut fem oppmuntringspakkar før jol.

STOFF TIL KYRKJELYDSBLAD, AVISER OG RADIO.

Kyrkjelydsblada i prostiet får og jamlege stoff. Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (38). Radio og aviser har fått nokre pressemeldingar som dei har laga stoff av.

HA KONTAKT MED OFFENTLEG SOSIALTENESTE OG HUMANITÆRE ORGAN.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Vinje, Tokke og Kviteeid og Fyresdal. Kontakten med skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Sist år har eg delteke tre ansvarsgrupper.

MÅLA SOM VART VEDTEKE PÅ ÅRSMØTET I KVITSEID 2.06.05

1. Diakonaten vil halde fokus på kva for verdier som styrer utvikling i Vest-Telemark. Me vi sjå på nye høve til å arrangere "Verdiseminar".
2. Diakonaten vil taka del i utviklinga av gode trusopplæringsmodellar i Vest-Telemark.
3. Diakonaten vil framleis vera oppteken av nyfattigdomen i Vest-Telemark.
4. Arbeide for å gjere kyrkja meir diakonalt i høve til rusproblem.

RESULTATVURDERING :

1. Årets Verdiseminar gjekk føre seg på Vinjehuset. Diakonaten har lage ei avtale med Vinje kommune om samarbeid om slike seminar i tre år. 2. Vest-Telemark har ikkje fått pengar til trusopplæringsprosjekt, men underteikna skaffar seg kompetanse gjennom å vera mentor for prosjekt i Hallingdal prosti og Bø kyrkjelyd. 3. Delte ut seks oppmuntringspakkar til jol. Har økonomirådgjerarar i bakhand om nokon treng slik hjelp.
4. Dette vert gjort på ulike måtar. M.a. gjennom å vera tilgjengeleg for å samtale med folk med rusproblem eller pårørande som slit, gjennom skriving i avis og kyrkjelydsblad og som tema i konfirmantundervisninga og i gudstenestesamanheng.

Godfred hadde vore død i fleire år. Ein laurdag føremiddag ringt ei ukjent dame. Ho forklarte at mannen var dødssjuk. Dagen før hadde han kome oppgjeven heim frå sjukehuset. - No treng me ein diakon, sa kona. Nokre dagar etter kom eg innom. Eg spurte litt om denne klare bestillinga om ein diakon. Kona sa at mannen hadde delt rom med ein diakon på eit sjukehus for mange, mange år sida. Den gamle diakonen med lang røynsle frå verdas naud, hadde sagt at det oppstod aldri noko vondt i verda utan at det fanst hjelparar. Ein skulle aldri vera redd for å rope på ein diakon i si naud.

Henta frå boka om Godfred Rekkebo som kom ut i samband med 20-årsjubileet for diakonaten i Vest-Telemark

3. STATISTIKK

HUSBESØK/SAMTALER VED PROSTIDIAKONEN I DEI ULIKE SOKNA

	2005	(2003)	(2004)
1. MØSSTROND	3	2	14
2. ØYFJELL	19	32	34
3. RAULAND	81	87	101
4. GRUNGE	39	16	23
5. VINJE	53	44	53
6. NESLAND	13	9	14
7. FYRESDAL	44	50	25
8. NISSEDAL	12	26	6
9. TREUNGEN	31	12	25
10. EIDSBORG/MO/ SKAFSA	152	189	108
11. LÅRDAL / HØYDALSMO	14	18	19
12. BRUNKEBERG	31	28	16
13. KILEN/FJÅGESUND	1	6	4
14. KVITSEID	59	75	51
15. VRÅDAL	4	18	17
16. SKOGSLEIREN	14	13	18
TILSAMAN	570	625	518

4. AKTIVITET

TAL OG ARRANGEMENT FELLES FOR PROSTIET:

Ansvar for jubileumsdiakoniamlinga for prostiet i Nissedal / skrive jubileumsbok om Gotfred Rekkebo/tre styremøte i diakoniatet pluss årsmøtet /medansvarleg for eitt konfirmanttreff for Tokke, Fyresdal , Vinje og Rauland /delteke på sju prestemøte /distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp/saman med Øyvind Jørgensen laga ei Fasteaksjonside i Vest-Telemark Blad /ansvarleg for spalta «Diakoni i Vest-Telemark »i Vest Telemark Blad/ halde føredrag på A-etatssamling i Rauland/vore med på å kurskveld for å rekruttere telefonvaktar frå Vest-Telemark til Kirkens SOS / kyrkjeleg representant i pilegrimsnemnda i Vest-Telemark /delteke på Yrkesmesse på Dalen.

NISSEDAL

51 samtaler

saman med konfirmantar, sokneprest og diakoniutval ansvarleg for Diakoniens dag delteke på eitt diakoniutvalsmøte
leia ei sorggruppe saman med leiar i diakoniutvalet
delteke på konfirmantleir på Fjone
ansvarleg for konfirmantane i oktober/november og desember
delteke på avskilsfest for sokneprest Reidar Finsådal i Nissedal
delteke i arbeidsgruppe for Verdsdagen for Psykisk helse/medansvarleg for temakvelden i kyrkja innleia på to Alfa-kurs-kveldar
preika på skulegudstenesta før jol

FYRESDAL

44 samtaler

18 besøk i skogsleiren
Ansvar for Diakoniens Dag i Moland kyrkje
Undervisning for Telemark Lys og Vi-To Kompetanse, Fossumsanden
To soknebod
Saman med soknepresten halde kveldsbøn i skogsleiren

VINJE

105 samtaler

vore med på Diakoniens dag i Åmot og i Grunge
undervist konfirmantar i Vinje og Grunge/andakt på Ljosmesse Åmot skule
leia fire Leva Vidare-grupper
delteke på Helgemesse i Grunge
to krisegruppemøte
delteke på to samtalemesser med konfirmantane
delteke 4 ansvarsgrupper
halde føredrag om Gotfred Rekkebo under 1905-markeringa i Vinje
fire soknebod
vore med på ei gravferd i Grunge

KVITSEID

95 samtaler

Andakt på to formiddagstreff på Misjonshuset
Andakt på "Lagsmøte" på Kvitsund
Medansvarleg for Askeonsdagsmesse i Kviteseid /Delteke på konfirmantundervisning
leia gudsteneste i samband med leir funksjonshemma på Kvitsund /to krisegruppemøte
gjeve 20 timar med vegleing til student som tek "Rusutdanning" ved Diakonhjemmet

delteke under bispevisitasen/ halde diakonalt innlegg under festkvelden ansvarleg for Diakonien Dag Brunkeberg og Vrådal
delteke på førjolsamling i regi av Bygdekvinnelaget i Morgedal
snakka om å "Vera ung i Vest-Telemark!" for dei som driv Lagsarbeid i V.T

RAULAND

103 samtaler

To konfirmanttimar
preika på Møsstrond palmesundag og Diakonien Dag i Rauland
halde festtale på konfirmantfest
delteke i ei gravferd og to ansvarsgrupper
eit soknebod

TOKKE

166 samtaler

Saman med Raude Kross organisert innsamling til Tsunami-ofra
delteke på konfirmantforeldremøte
preika på ein Diakonien dag og overhyringsmesse
saman med nærings sjefen i Tokke invitert til ein « Ny i Tokke» -kveld.
Ansvarleg for ein innvandrar i språkpraksis
Leia ei gudsteneste i Eidsborg
Leia ei gravferd i Skafså
eitt krisegruppemøte
medansvarleg for organisering av Fasteaksjonen
halde ein andakt på Helsesenteret
gjeve vegleing til sjukeheimsdiakonen (10 timar)
fortalt om jol for barnehagen på Dalen
vore med på tenning av jolegrana på Dalen
medansvarleg for jolefeiring i fellesskap på Kommunehuset

Han kom til meg med ein gong prestemøtet byrja. Denne gongen var tema den diakonale utviklinga i Vest Telemark. - Kan du ta ansvar for å dryppe augo mine kl.12, spurte Gotfred. Gotfred hadde nett gått gjennom ein augeoperasjon. - Som fult utdanna diakon er du den einaste her eg verkeleg kan overlata dette oppdraget .!Klokka tolv tok eg til å leitte etter dråpene. Kjente i alle lommer. Såg i veska. Eg vart sveitt og heit før eg hugsa at eg hadde lagt auge dråpen att på kontoret mitt. Gotfred blunka takksam med sitt eine friske auge - Eg visste eg kunne stole på deg..

Henta frå boka om Godtfred Rekkebo som kom ut i samband med 20-årsjubileet for diakonatet i Vest-Telemark

UTANOM PROSTIET

Leiar for «Utval for diakoni og samfunn» i Agder og Telemark Bispedømme
Delteke på Generalforsamlinga for Det Norske Diakonforbund i Bodø med føredrag on arbeidet som prostidiakon/Medlem av sentralstyret i Diakonforbundet(2005-2008)/Delteke på "krise-kurs" i Oslo/Delteke på fire fagdagar med diakonane i bispedømet
Mentor for trusoppføringsprosjekta i Bø og Hallingdal prosti.
Undervist om Leva-Vidare-grupper på fagdag for Raude Kross og kyrkja på Notodden/halde føredrag på kurs for Friomsorgen.